


# SILD I BOKS




OM HERMETIKKINDUSTRIEN  
I SUNNHORDLAND

AV IVAR VAAGE



Uskedalen rundt 1914. Concord Canning Compani (CCC) har teke over fabrikken, og nett utvida med eit større tilbygg til høgre. Bak tilbygget arbeiderbustaden som også CCC sette opp. Til venstre for fabrikken ligg dei to sildoljefabrikkane. Rett opp frå fabrikken huset til Ivar Arnesen, og huset lengst oppe til venstre tilhøyrte Hugo Arnesen. Båtane på biletet er, rekna framante: jekta til Torgeir Myklebust, Dønhaug-jekta til Ivar Arnesen og Rasmus Dønhaug, «Odd», eigar Ivar Arnesen, «Urd», eigar Thor Myklebust. Ved kai truleg «Concord» (tidl. «Hausken») og Sandajekta. (Utlånt av Ruth Stormoen)



# Uskedalen – hermetikk og sildolje

## Ein pionér

Uskedalen er ei bygd med lange hermetikktradisjonar. Så tidleg som i 1894 bygde Ivar Arnesen ein hermetikkfabrikk i Beinavikjo. Firmaet I. Arnesen & Co var grunnlagt kring 1870. Arnesen dreiv landhandel, og handla mellom anna med ansjos. I 1888 stilte han ut ansjos i København, og produserte då 1800 halvtønner. I 1892 hadde firmaet ei omsetning på 10 000 kroner, altså noko mindre enn kollegaen på



Sunde. Også Arnesen var med på mange utstillingar. Han fekk bronsemedalje i St. Petersburg i 1902, og sølv i Wien same året.

Drifta i Beinavikjo gjekk godt, og fabrikken blei utvida to gonger. Fyrst la dei ned ansjos hermetisk. Brislingen blei salta ned i tønner på feltet og ført til fabrikken. Etter kvart som ordrane på ansjos kom, hadde dei brislingen over i boksar.

Seinare bygde dei røykjeomnar, og la ned røykt brisling. Fabrikken hadde eit vidt varespekter: sardinar og ansjos, hermetisk kjøt, m.a. fårikål og kjøtkaker, hermetisk frukt og seikaker. Dei hermetiserte også krabbe, som dei kokte i eldhuset.


Sett med våre øye var tilhøva heller primitive på fabrikken. Trearane stod ute, under ein bok eller på kaien, og pakkinga skjedde i eit notahus. Dei første åra hadde dei ikkje dampmaskin, og då blei herme-

tikken sterilisert i eldhuset. Etter nokre år skaffa Arnesen seg ein liten dampmaskin med kjøle. Det var rundboks som blei brukt, og den blei laga på staden for hand og delvis ved hjelp av enkle maskinar. Dei brukte ein falsemaskin, men den var ikkje å stola på, så boksane måtte loddast rundt botn og lok.

Arnesane i Uskedalen kan på mange måtar samanliknast med Valvatna-familien på Sunde. Dei hadde hermetikkfabrikk og sildoljefabrikkar, notbruk og sjøhus, forretning med bakeri, dampskipsekspedisjon, post og telegraf. I 1924 fekk Ivar Arnesen Kongens fortjenestemedalje i gull. Men fabrikken hadde han då selt 13 år tidlegare. Stavangerfirmaet Concord Canning Co. (CCC) kjøpte fabrikken i 1912. CCC sette opp eit stort påbygg i søre enden, og bygde ny arbeiderbustad. Concord hadde også eigen flåte med fiskefartøy og fraktebåtar.

I ein reportasje i Stavanger Aftenblad i 1913 går det fram at fabrikken kunne ta mot 300–350 skjepper brisling dagleg. Ved full drift trongst det ein arbeidsstyrke på 150 personar.

Ivar Arnesen bygde hermetikkfabrikken i Beinavikjo i Uskedalen. (Utlånt frå Uskedalen Ungdomslag si biletksamling.)



Journalisten frå Stavanger-avisa var mektig imponert over tilhøva ved fabrikken. Etter å ha lovprisa den vakre bygda, skriv han: «I hygieniske henseende maa de hermetikarbeidere som faar arbeide i en moderne fabrik paa landet, prises lykkeligere enn deres kamerater i byen. Den rene, sunde landluft omgir dem paa alle kanter, og de kan leve billigere end i byen.

Hverken kinematografer eller kafeer frister».

Dette var i hermetikindustrien sin gullalder. Direktørane i CCC kom til Uskedalen i flott lyst-yacht, og dei sette opp ein stor sommarvilla, Endregård, i 1917. Direktøren, Endre Grønestad, døydde der, og då var heile bygda i sorg.

Men i 1927 fekk CCC økonomiske vanskar. Saman med

fleire andre hermetikkfabrikkar i Stavanger og Bergen gjekk dei inn i De Forenede Hermetikkfabrikker A/S, eit selskap som Bergen Privatbank eigde. Frå 1933 stod dei for drifta av fabrikken i Uskedalen.

I 1941 blei fabrikken i Uskedalen selt til Bergen Preserving A/S, der John Pedersen var direktør. Dei gav fabrikken namnet «Hermetikkfabrikken



Eit kapittel er slutt i Uskedalen. Hermetikkfabrikken brann ned nyttårshelga 1962.  
(Utlånt frå Uskedalen Ungdomslag si bilesamling)

På fabrikk-kaien i Uskedalen, truleg 1922.  
f.v. Formann Jonas Våge,  
postmann Torgeir A.  
Musland, dampar Johannes  
Sunde og Lars Feet. (Utlånt  
frå Uskedalen ungdomslag si  
biletsamling)



På leggesalen i Uskedalen kring 1920. F.v.:? Stølen, Betsy Myklebust, Engel Steinsletten, Olav Raudstein, (Mons-Olaen), Gerda Eik. Bak (med bart) Jonas Våge, til høgre for han Anna Botne. (Utlånt frå Uskedalen ungdomslag si bilesamling)

Hardanger». No blei det drift nesten året rundt. I tillegg til brisling, sild og mussa, la dei også ned pærer og plommer om haustane. Nokre vintrar importerte dei til og med pærer frå Nederland. Bergen Preserving dreiv vidare etter krigen, og hadde starta utvidingsarbeid då dei gjekk konkurs i 1960.

Direktør Olav Johnsen i Bergenhus Canning kjøpte fabrikken året etter, men selde straks vidare til Andreas Buch frå Haugesund m.fl., m.a. Gunnar Flatebø og G. Løwold frå Bergen Preserving. Meininga var å få drifta i gang igjen, men i 1962 brann fabrikken ned. Eit kapittel var slutt i Uskedalen.

## Lakabrende

Helge Feet har i ei minneoppgåve frå 1981 skildra sitt møte med fabrikken i Beinavikjo rundt hundreårsskiftet:

«Eg var 9 1/2 år då eg fekk vera med ein kamerat som var eit par år eldre. Vi hadde fire kilometer å gå til fabrikken. Kameraten min fann plass til oss der vi skulle stå og tre. Han henta streng og rammer frå klipperommet. Silda henta vi frå kaien. Her vart den laka. På ein platting stod to store kjær til å laka silda i. Silda stod opplødd i skjeppekassar. Frå enden av kaien gjekk ei helletrapp ned til sjøbotnen. Her stod to mann i sjøstovlar. Dei hadde ei stor strengkorg mellom seg full av sild. Då dei hadde rista den att og fram, opp og ned, bar dei ho opp og tømde ho i lakakjæret, og strødde grovt salt over. Etter nokre minutt vart silda håva opp i små strengkorger, som vi trearane henta. Var vi to, gjekk

det bra. Men var det ein som henta korga og bar ho framfor seg, rann laken ned på bukse, sokkar og skor.

Kameraten viste meg korleis eg skulle halda strengen i venstre handa og ta silda i høgre og stikka strengen gjennom auga på silda. På kvar streng skulle det vera eit bestemt tal sild, dobbelt så mykje brisling som mussa og bladsild. I ramma skulle det vera streng i kvart hakk dersom det var brisling, i anna kvart dersom det var sild og mussa. I betaling fekk vi sju øre for brisling og fem øre for småsild.

Då silda var opptredd, gjekk kameraten min og skulle henta pengane. Trearane fekk oppgjer for dagen. Han gjekk til bestyrarinna for å få lapp på kor mange rammer vi hadde av kvart slag. Då han sa vi hadde 14 med brisling og 10 med mussa, sa ho at han laug. Det måtte vera omvendt, for det var mest mussa i blandinga. Han fekk ingen lapp, men kom grinande ut til meg. Så stod vi der og grein begge to. Ei syster til kameraten min var med og klipte sild. Ho kom ut og spurde kva vi grein for. Då ho fekk høyrta kva som var i


vegen, sa ho: «Eg skal gå til Ivar-mann, eg». Ho kom att med ei krona og 50 øre, to øre meir enn vi skulle ha.

Det var tidleg på dagen og sola steikte godt. Vi var lakkabrende frå topp til tå. Eg måtte skifta alle kleda og få dei i vaskebaljen. Sjølv lauga eg meg i bekken.

Eit stavangerfirma kjøpte fabrikken i 1913. Dei bygde om heile fabrikken og sette inn nye maskinar og utstyr. Den nye fabrikken trong mykje folk. Gutar og jenter fekk arbeid. Dei som hadde vore i den gamle fabrikken var sjølvskrivne. Løna var god for dei faste arbeidarane, og på akkord kunne ein ha god dagløn. Tresalen var fullsett med born frå mest alle gardar i dalen. Ja, her var og nokre eldre kvinner. Helsestellet hadde sett lågalder for barnearbeid på fabrikk. Her var mange under den. Det var distriktslegen som skulle passa på. Såg formannen motorbåten hans koma, jaga han småungane inn i Knuta-bui, eit lite hus i enden av fabrikken. Eg såg ikkje distriktslegen nokon gong. Han var så snögast innom kontoret til fabrikkstyraren.»



Fire viktige personar på CCC i Uskedalen kring 1920. F.v. Lakar Svein Myklebust, formann Jonas Våge, disponent Årseth og dampar Johannes Sunde. (Utlånt av Johannes Sunde)



Mannlege arbeidrarar på CCC i 1916. F.v.: Ole Vågen., ?, Sigurd Helgeland, Johannes Sunde, Johannes Myklebust, Karl Eik, ?, Helmer Feet, Hjalmar Rød, Mons Olsen, Samson Leite, ?, Johannes Feet, Lars L. Haugland, Engel Vik, formann Jonas Våge. (Utlånt frå Uskedalen ungdomslag si biletksamling)

## La ned friskt og ròte

Leif Sunde (f.1907) har arbeidd i hermetikken heile sitt liv. Han fortel:

«Me ungane heldt oss mykje rundt fabrikken. Når dei var i vande for folk, kom dei ut og ropte på oss. Eg var vel ikkje meir enn tolv år fyrste gongen eg arbeidde der. Veit aldri om eg fekk noko betaling for det. Når arbeidstilsynet var i kjømda jaga dei oss på dør, og me sprang og gøynde oss.

Eg begynte fast på hermetikkfabrikken då eg var konfirmert. Dersom det ikkje var arbeid der, var me på sildoljefabrikkane. Når me ikkje fekk jobb på fabrikkane, var det kanskje noko på gardane. Likevel blei det mykje ledig-

gang. Fyrst tredde eg, seinare falsa eg, og så blei eg formann. Det var eg like til fabrikken brann opp. Då begynte eg hos Bjelland, hausten -61. I 1965 fekk eg jobb på Sørals-anlegget, og var der eit års tid. Så kom eg tilbake til Bjelland.

Jobben min som arbeidsformann var å opna om morgenon, få råstoffet på plass og setja folk i arbeid. Eg måtte vera fyrste mann om morgenon, og siste når me skulle stengja om kvelden. Om lag 60 personar arbeidde på fabrikken her. Om vinteren kunne me vera opp i 70.

Dei snakkar om likestilling i dag, men eg sette kvinnfolk i arbeid. Firmaet hadde heile kassalageret sitt her i Uskedalen, og kvinnfolk fekk jobb

med å mala kassar, og langa esker om bord i båtane. På Sunde blei kvinnfolka galne når eg sette dei til slikt arbeid, men eg meinte at store og kraftige kvinnfolk kunne gjera like god jobb som mannsfolk.

Me la ca 200 skjepper for dagen. Det var helst tungvint og gammaldags her. Difor var det stor forandring for oss å koma til Sunde. Der var mykje meir mekanisering og automatisering, og betre arbeidstilhøve.

I Uskedalen var det sesongdrift. Me la vårsild fram til mars, mussa kom i mai. Om sommaren var det brisling, om hausten mussa igjen, fram til november. Me hadde ikkje fryselaiger då, så råstoffet var ferskt.

Bankane dominerte her, men under krigen sette tyskarane ein stoppar for dei. Då kom «Mussa-Pedersen», som hadde Bergen Preserving, og byrja å driva for tyskarane. Dei dreiv heilt til 1960-talet, då gjekk dei konkurs.

Under krigen la dei ned alt mogleg, friskt og røte. Råstoff henta dei både frå Austlandet og Trøndelag. Det hende nok at råstoffet stod lenge før det blei opparbeidd, for det var store laster. Silda blei nesten gul, men det gjekk i tyskarane. Det var ikkje så nøyne med kvaliteten då. Når dei la kippers, tok dei noko avfall og la under, og så la dei to sildar oppå for at eska skulle bli fin å sjå til. Men du veit, når det kom ned til Jæren, så blei det sokkt likevel.

Det var vanskeleg å få lønna opp under krigen. Me hadde heima desse frå Bergen, men dei hadde ikkje lov av tyskarane til å auka lønningane. Men dei lova å hjelpe oss med mat, og sende ned noko kvalspekk som me fekk utdelt.

Etter Bergen Preserving tok over, var det arbeid støtt. Kvinnfolka var vekke mellom sesongane, men manfolka

fekk driva med vedlikehald. På slutten av 50-åra byrja dei å permittera på mannfolk og. Hermetikken blei gjort heilt ferdig her på fabrikken. Me sette på etikettar og pakka i esker, så gjekk varene i båtar til skutesida i Bergen. Me laga emballasjen her også. Pedersen hadde ein god marknad på Canada.

## Nøgne på leggjinga

Anna Opheim var bestyrarinne frå 1943 til fabrikken brann ned:

«Bestyrarinna sin jobb var å sjå til og ordne med alle ting. Eg var som ein formann på leggjesalen, og det var travelt. Me var 50–60 på leggjesalen når det var fullt om sommaren.

Mange gjorde svært fint arbeid. Andre la gyseleg stygt, rota det til i eskene. Då var det min jobb å seia ifrå. Eg hugsa ei i frå Etne. Ho var ikkje så verst til å leggja, men ein dag måtte ho leggja om nokre esker.

– Bevare meg, kva er det du gjer, sa eg, i staden for at det skal bli betre, blir det berre mykje verre. Då blei ho så sint

at ho reiste seg opp og for, og reiste heim like til Etne.

Av og til kom det kontrollørar og såg over eskene. Dei kontrollerte om eskene var fine, om det var rett tal på sildar, og om det var passeleg i eskene. Var det for mykje i eskene, blei dei utsprengde i sidene når loket kom på.

Leggjarane måtte vera rappfingra, dersom dei skulle tena noko. Det var stor forskjel på silda, korleis ho var å leggja. Var silda fin, gjekk det hylande. Men måtte dei sortera brisling og mussa, gjekk det seint. Eigentleg skulle dei sortera brisling og mussa nede, men det var ikkje alltid dei klarte å sjå kva som var kva. Mussa har mykje større hovud enn brisling. Brislingen er eigentleg ein veldig fin fisk!

Ei stund arbeidde eg i Herøysund og budde på hybel der. Om kveldane samlast me på butikken til Helge Helvik. Laurdag ettermiddag gjekk me heim til Uskedalen, og søndag kveld gjekk me tilbake til Herøysund.

Etter brannen var eg på Sunde nokre år, der var det veldig greitt, eg likte meg godt der.

No hender det me kjøper ei eske sardinar. Dei er ikkje fine, me hadde aldri lagt så stygt før.»

## Klaga aldri

Lillian Stensletten var knytt til hermetikkfabrikkane heile sitt yrkesaktive liv, først i Uskedalen, og seinare på Sunde:

«Eg tok til på fabrikken i Uskedalen i 1940, 14 år gammal, den sommaren eg gjekk og las. Det var ikkje mykje me hadde. Eg kan hugsa det fyrste eg kjøpte av den fyrste løna: nye gummistøvlar



Pause i arbeidet på Bergen Preserving, Uskedalen. F.v.: Agnes Grimestad, Matilde Haugland, Anna Feet, Kristine Stensletten og Kristine Musland. (Utlånt av Anna Opheim)

og ein portemoné. Vi var mange sysken, og hermetikkfabrikken var det som berga oss. Der gjekk vi i sesongen. Mellom sesongane var vi heime og hjelpte til på garden.

Men eit eineståande godt arbeidsforhold var det, og gode kameratar. Vi var som ein familie. Var der nokon som hadde motgang, så delte vi det med dei, sameleis med gleda.

Om haustane frakta dei råstoff nordanfrå. Då kom gjerne båtane ut på dagen. Vi som budde slik til at vi såg båtane, vi tok på oss kler og fór på sykkelen, og var på plass. Det var ikkje snakk om arbeidstid frå åtte til fire, då var det å stilla uansett.

Vi hadde drift nesten heile året, nokre veker kunne det gå mellom kvar sesong. Uskedalen

var den fabrikken i Sunnhordland som stod seg best. Vi kunne halda på i mange dagar med pakking. Så kom det sild, og når vi var ferdig med den, så pakka vi igjen. Slik fekk vi fin avveksling i arbeidet. Om hausten la vi ned masse pærer, så vi hadde eit veldig godt arbeid.

Men lønna var ikkje mykje for strevet. Då eg begynte i 1940 hadde vi 10 øre ramma. Og vi kunne vel tre 40–50 rammer for dagen. Heile sommaren gjekk for å få nok til konfirmasjonskle. Vi klarte oss likevel, for det krovst ikkje pengar av oss når vi gjekk ut. Familieforsørgjarar greidde seg fordi dei hadde borna sine der. Og mange hadde kona si der og, slik at heile familien var engasjert i sesongen. Eg hørde aldri dei



Lillian Stensletten: – Me stod på og klaga aldri. (Foto: Ivar Vaage)

klaga. Dei greidde seg godt. Det var aldri noko naud, for dei fleste hadde eit småbruk som attåtnæring.

Arbeidet kunne vera hardt. Eg tredde, og silda måtte vi



Kvinnelege arbeidarar på hermetikkfabrikken i Uskedalen (CCC) i 1916. Framme f.v.: Laura Landa, Margrete Feet, Brita Eik, ?, ?, Berta Eik. Bak f.v.: Anna Eik, Ida Eik, Brita Rød, Jenny Sunde, Anna Døssland, Gerda Eik, Marie Myklebust, Gislaug Haugland, Besty Myklebust, Brita Leite, Engel Steinsletten, Anna Rød, Marie Feet, Gerda Myklebust, Alis Eik, Marianne Haugland, Anna Botne, formann Jonas Våge. (Utlånt frå Uskedalen ungdomslag si bletsamling)

henta ute på kaien i nokre små trekorger. Det var mange tunge lyft for dagen. Og når vi hadde tredd i rammene, så var det å ta så mange som mogleg med seg, og dra dei inn i røykjeriet, gjennom ein lang gang. Der var to vaksne mannfolk, men dei skulle ikkje inn til oss å henta rammene. Seinare blei det betring på dette. Då kom ein mann og henta rammene, sette dei på vogn og køyrd inn i røykjeriet.

Når vi hadde storsilda var det eit umenneskeleg slit med dei korgene. Storsilda blei så mykje tyngre og var så mykje våtare. Då kom det vel med ein permisjon når vi var ferdige. Men på storsilda tente vi veldig gode pengar. Difor var det om å

gjera å gje det vi hadde. For vi visste det blei pause etterpå.

Fabrikken var ei god kjelda for folket, ikkje berre for bygda, men for heile Kvinnherad. Det må beklagast sterkt at det blei slutt. Vi miste ein rikdom som eg ikkje trur dei er klar over.

Vi var 30 stykker herfrå som begynte på Sunde. Og på Sunde var dei heldige, som nett var flytta inn i den nyombygde fabrikken, og fekk så mange vante arbeidarar. Men det var ikkje greitt å koma inn i eit arbeidsmiljø, når dei såg på oss med lumske auge. – «Der kjem dei som hjelpte til at Pedersen gjekk konkurs. Dei må vi vera på vakt mot.» Nei, til å begynna med var det ikkje kjekt på Sunde. Men vi stod på og vi var

mange, og vi synte at vi kunne vårt arbeid og prøvde å vera kameratar. Så snudde det seg. Dei fann ut at vi var visst ikkje så galne som ordet gjekk om oss likevel. Vi blei godtekne alle vegar. Vi organiserte oss og fekk medbestemmelse. Då kom det seg litt etter kvart. Vi blei med i styre og stell og blei godtekne.

Den dagen vi fekk beskjed om at det var slutt, då tenkte eg med meg sjølv: dette kan ikkje vera mogleg. Det var heilt uforståeleg. Og nett i den tida der, 1986-88, då var vi for første gong begynt å tena pengar. Då var det og slutt.

Eg var på Sunde i 30 år, siste arbeidsdagen var 28. februar 1989. Eg har ikkje spurt etter



Fabrikkarbeidrarar i Uskedalen, pause frå arbeidet, som nett då var å vaska rammer etter vårsilda: Framme f.v.: ?, Anni Meland, Matilde Haugland, Anny Feet, Anna Feet. Bak f.v.: Kaia Myklebust (kvitt tørkle), Marie Maurangsnes, Solveig Sunde, Klara Eik. (Utlånt av Anna Opheim)

arbeid sidan. Eg meiner at dei unge må få arbeid, og dei gamle må få vera i fred. Når du er blitt 64 år og har arbeidd sidan du var sju, då har du lov å kvila.»

## Sildolje

Ivar Arnesen hjelpte to av sønene, Sigurd og Hugo, i gong med kvar sin sildoljefabrikk i Beinavikjo, ved sida av hermetikkfabrikken. I 1908 bygde Sigurd «Uskedalen Sildolje- og Fodermelfabrikk», eit par år seinare starta Hugo «Sildoljefabrikken Record». Fabrikkane produserte sildemjøl og sildolje (tran) av sild og mussa, og avfall frå hermetikkfabrikkane. Kvar fabrikk gav arbeid til om lag 10 personar, og dei gjekk på to-skift.

«Uskedalen Sildolje- og Fodermelfabrikk» raste på sjøen, fordi dei hadde lossa for mykje sild på baksida av han. Hugo Arnesen dreiv ei tid saman med Bartz-Johannesen, og på 30-talet var det jamn drift på denne fabrikken. Seinare kjøpte Bergen Preserving fabrikken. Dei fjerna maskinane og brukte bygningen til lager. Huset står der den dag i dag, og blir nytta til sjøhus.

Fabrikkane fekk råstoff tilført framover vinteren. Lossinga gjekk ikkje så snart, for dei brukte greip, og målte i hektoliter. Silda blei køyrt i kummar og salta, eine kummen tok 12–14 000 hektoliter. Råstoffet skulle vara framover våren. Om sommaren gjekk det mykje på skjereavfall frå fabrikkane.

Dei kokte råstoffet i svære kar, som var smalast nede og vide opp. Silda heiste dei opp på loftet og tømde opp i kara. Kvar fabrikk hadde to kar,

### «Ei uvanleg god sildoljepressa i Uskedalen

«Morgenavisen» fortel i dag, at Bergens Mekaniske Verkstad har laga ei pressa for sildoljefabrikkane som skal vera noko heilt eineståndes i sitt slag.

Pressa hev vore i drift ei heil tid på «Reccord» sildoljefabrikk inne i Uskedalen. Torsdag skal eit heilt fylgle sildoljefabrikantar og interesserte til Uskedal for å sjå på den nye pressa, um det er ein maskin som det vil svara seg å kjøpa.» (Sunnhordland, 1939)

mellan desse kara var det ein stor trekasse som dei tappa i. Når massen var kokt blei han aust opp i former og pakka i strier og lagt på jernplater i pressa. Massen blei pressa saman, slik at laken rann ned i store kar, der fekk dei tran. Kakene blei tørka i tørkehus med stimrøyrr, og deretter knuste med hammar og malne til mjøl i ei kvern. Mjølsekken vog hundre kilo.


Det lukta følt av dei som arbeidde med sildolja. Folk kom av skift og inn på forretningen, og det lukta pest av dei.

Det var ein utriveleg arbeids-plass. Silda rotna i bingane når det blei varmt. Om sommaren aula det med flugemakk, like opp i riksvegen. Då var det best for grannane å ha glasa igjen.

Sildolja gjekk til margarin-fabrikkar, mjølet blei dyrefor. Mykje tran blei eksportert til Tyskland. Sildoljefabrikkane hadde ei glimrande tid under fyrste verdskrig og framover.

### Fabrikkstyrarar i Uskedalen:

Ivar Arnesen	1894–1912
Thor Myklebust	1912–1926
Gunnar Flatebø	1926–1962



Huset etter den gamle sildoljefabrikken «Record» står framleis i Uskedalen, i dag nytta til sjøhus. På kaien, Leif Sunde, gammal hermetikkarbeider, formann både i Uskedalen og seinare på Sunde. (Foto: Ivar Vaage)